



# Juleferie i Myrkdalen

I Myrkdalen får du ein minnerik og aktiv juleferie saman med familien. Hotellet er pynta til fest, tradisjonsrik julemat står på menyen og me byr på kjekke aktivitetar under heile opphaldet.

## KVAR DAG I ROMJULA

### Leik og moro

Kjekke aktivitetar for dei minste!

**Kl. 11.00 – 12.00:** Finns langrennskarusell

**Kl. 11.00 – 13.00:** Finns Basecamp

**Kl. 13.30 – 14.30:** Finns Barneskirenn

**Kl. 16.00 – 17.00:** Finns ettermiddagsleik

**24. DESEMBER Kl. 17.00 – 20.00**

### Julaftan

På julaftan vert det ein herleg 3-rettar julemiddag med valfri hovudrett, kaffi og kakebuffé i Salto Lobbybar frå kl 19.00 og besøk av nissen.

**25. DESEMBER Kl. 16.00**

### Julefilm for borna i Storebotn

I Storebotn vert det spelt av ein stemningsfull julefilm for borna.

**25. DESEMBER Kl. 16.00**

### Grautfest

Tradisjonell grautfest med mandel i grauten. Premie til den som får mandelen.

**27. DESEMBER Kl. 18.00 – 20.00**

### Kanefart

Ein idyllisk tur med hest og slede i vinterland. Turen startar utanfor Myrkdalen Hotel og tar omlag 20 minutt.

**27. DESEMBER Kl. 18.00 – 20.00**

### Yatzyturnering

Lat terningane rulla og konkurranseinstinktet koma til overfalta med Yatzyturnering i Salto Lobbybar. Ein spelar to og to mot kvarandre. Vinnarane går vidare til det berre står ein hovudvinnar att.

**28. – 31. DESEMBER Kl. 12.00 – 16.00**

### Visning av hytter og leilegheiter

Oppmøte ved visningsbua på Torget kl 12.00

**28. desember:** Visningsdag Svoletunet II.

Her kan du nyta ein kopp gløgg rundt bålpanna medan du tek ein prat med prosjektleiarane utanfor Svoletunet.

**29. – 31. desember:** Visning i visningshytte Hagamyra frå kl. 14.00 - 16.00

**30. DESEMBER Kl. 16.00 – 17.00**

### Juletreffest

Ta med borna på ein magisk juletreffest. Olav Undeland les ein spennande julefortelling, etterfylgt av songstund for dei minste og allsong med juletrengang. Nissen kjem, og kanskje han har med seg noko godt?

**31. DESEMBER Kl. 19.00**

### Nyttårsfest på hotellet

Avslutt 2022 og ring inn det nye året i vinterparadiset Myrkdalen. Her vert det 4-rettar festmåltid i Nuten Restaurant, musikk i Salto og dansegolv med DJ i Pudder og sjølvsgagt storslegent fyrverkeri. Ynskjer de ein apertiff før middag er de hjarteleg velkomne i stemningsfulle Salto Lobbybar.

**31. DESEMBER Kl. 18.00 – 21.00**

### Myrkdalstapas i Myrkdalsstovo

Myrkdalstapas er perfekt for deg som ynskjer eit herleg nyttårsmåltid i ein uformell setting. Her får du velsmakande varme og kalde rettar av ypparste kvalitet, eit fantastisk nyttårsmåltid som kan nytast i fulle drag.

### Afternoon Tea

Her blir det klirring i gamalt porselen, heimelaga scones, sandwichar, nydelege søtsaker og masse te sjølvsgagt!

